

Forskrift om vass- og avløpsgebyr for Sykkylven kommune

Heimel: Lov 16 mars 2012 nr. 12 om kommunale vass- og avløpsanlegg § 5 og forskrift av 1. juni 2004 nr. 931 om begrensning av forurensning (forurensningsforskriften) § 16-1 annet ledd.

1. Generelle føresegner

Abonnentane til kommunen betaler gebyr for vass- og avløpstenester levert av kommunen. Tilhøvet mellom abonnenten og kommunen er regulert av statlege lover og forskrifter samt av kommunale forskrifter og abonnementsvilkår. Sentrale føresegner når det gjeld vass- og avløpsgebyr, er følgjande:

- Lov av 16 mars 2012 nr. 12 om kommunale vass- og avløpsanlegg.
- Forskrift av 1. juni 2004 nr. 931 om begrensning av forurensning, kapittel 16 om kommunale vann- og avløpsgebyrer.
- Forskrift om vass- og avløpsgebyr i Sykkylven kommune (dette dokumentet).
- Gebyrregulativ for det enkelte år.

Andre dokument:

- Gjeldande abonnementsvilkår for vass- og avløp i Sykkylven kommune (tekniske og administrative føresegner) med Leveringsvilkår – Vassforsyning/Avløpstenester i Sykkylven kommune.

§ 1-1. Føremål

Forskrifta skal syte for reglar om berekning og innbetaling av dei gebyr abonnenten skal betale for vatn- og avløpstenester.

Gjennom dei kommunale vass- og avløpsgebyra skal kommunen syte for å få dekka utgifter som går med til levering av vass- og avløpstenester samt oppretting, drift og vedlikehald av det kommunale vass- og avløpsanlegget.

§ 1-2. Verkeområde

Denne forskrifta gjeld alle eigedomar i Sykkylven kommune som er knytt til kommunalt vass- og/eller avløpsanlegg anten direkte eller indirekte gjennom privat samleledning.

§ 1-3. Definisjoner

I denne forskrifta vert det meint med:

- a) *Sanitærinstallasjonar/innvendige vass- og avløpsinstallasjonar*: Abonnenteigde røyr, installasjonar og utstyr innanfor ytterveggane til huset, som er tilknytt vass- og/eller avløpsanlegg.
- b) *Privat vass- og avløpsanlegg*: Abonnenteigde private leidningar (stikkleidningar) og utstyr utanfor ytterveggane til huset, som er tilknytt offentleg vass- og/eller avløpsanlegg.
- c) *Abonnement*: Avtale mellom abonnent og kommunen om vassforsynings- og/eller avløpstenester gjennom tilknytning av sanitærinstallasjonar og private vass- og avløpsanlegg til kommunens vass- og avløpsanlegg. Det er ikkje ein føresetnad at avtalen er skriftleg. Avtale om tilknytning via privat felleisleidning vert rekna som abonnement.
- d) *Abonnent*: Eigar av eigedom som er tilknytt kommunens vassforsynings- og/eller avløpsanlegg, eller som er godkjend eller kravd tilknytt. Festar av eigedom skal stå som abonnent når gjenstående festetid da gebyrplikta inntrådde var 30 år eller meir, eller festar har rett til å få festeavtalen forlenga slik at samla festetid frå gebyrplikta tredje inn vil kunne verte 30 år eller meir.
- e) *Eigedom*: Fast eigendom registrert som sjølvstendig eining i Matrikkelen. Seksjon etablert i samsvar med lovgivinga om eigarseksjonar, vert rekna som sjølvstendig eigedom.
- f) *Bygg*: Konstruksjon/byggverk med eige bygningsnummer.
- g) *Bueining*: bustad eller fritidsbustad med eit eller fleire rom, separat inngang og eige kjøken og bad. Einebustad med inntil 2 bueiningar (kjellarleilegheit, generasjonsbustad, hybel, sekundæreining), vert likevel rekna som ei bueining.
- h) *Fritidsbustad*: Bygning som er registrert som fritidsbustad i Matrikkelen (bygningstype 161-163).
- i) *Avløpsvatn*: Både sanitært og industrielt avløpsvatn og overvatn.
- j) *Mellombels tilknytning*: Bygningar og anlegg som ikkje skal vere oppført meir enn to år og som vert tilknytt kommunalt vass- og/eller avløpsanlegg.
- k) *Bruksareal (BRA)*: Bruksareal for ei bygning eller brukseining som er registrert i Matrikkelen og berekna med utgangspunkt i NS 3940. (Gjeld for andre bygg).
- l) *Berekna areal (BA)*: Bruksareal som vert omrekna basert på Husbanken sitt regelverk med ulike faktorar for kjellar, hovudetasje og loft. (Gjeld for bustad og fritidsbustad).

§ 1-4. Gebyrtypar

Gebyrtypane etter denne forskrifta er:

- a) Eingongsgebyr for tilknytning til respektivt vatn og avløp.
- b) Årsgebyr for respektivt vatn og avløp.
- c) Gebyr for oppmøte ved avlesing og kontroll av vassmålar.

§ 1-5. Gebyrsats

Gebyrsatsane og storleiken på desse vert fastsett av kommunestyret årleg, og vil gå fram av det til ei kvar tid gjeldande gebyrregulativet.

Gebyra vert fastsett etter prinsippet om sjølvkost.

2. Eingongsgebyr for tilknytning

§ 2-1. Gebyrplikt

Eingongsgebyr for tilknytning skal betalast ved tilknytning til kommunalt vass- og/eller avløpsanlegg ved følgjande høve:

- a) Nybygg
- b) Tilleggsgebyr vert kravd for tilbygg eller påbygg som aukar arealet til bygninga:
 - for bustadeigedom når auken i arealet fører til auke i tal bueiningar, sjå § 1-3 bokstav g.
 - for annan eigedom når auken i bruksarealet (BRA) til bygninga er over 50 %.
- c) Eksisterande bygg som vert tilknytt eller som kommunen krev tilknytt.
- d) Eksisterande bygg med tilknytning som ikkje er godkjend.
- e) Anna permanent tilknytning til kommunalt vass- eller avløpsanlegg, f.eks. vatningsanlegg for landbruk, idrettsanlegg mv.

Eingongsgebyret for tilknytning vert ikkje betalt ved følgjande høve:

- a) Bygg med mellombels tilknytning, sjå § 1-3 bokstav j)
- b) Særskild tilknytning av sprinkleranlegg.

§ 2-2. Utforming av gebyret

For bustad og fritidsbustad skal eingongsgebyret for tilknytning for respektivt vassforsyning og avløp utgjere eit fast beløp pr. bueining. For andre bygg (til dømes næringsbygg) skal eingongsgebyret utgjere eit fast beløp pr. bygg.

For bygg som består av både bustad og anna type lokale, vert det betalt gebyr for kvar av delane etter reglane i 1. ledd.

Dersom bygget erstattar eit bygg som tidlegare har vore lovleg tilknytt, vert desse einingane trekt frå ved berekning av tilknytingsgebyret. Vilkåret er at nytt igangsettingsløyve vert gitt innan 5 år etter at bygget er fjerna eller fråkopla. Ved tilbygg eller påbygg vert det betalt gebyr for auke i tal på bueiningar. At tal på bueiningar er lågare enn tidlegare, gir ikkje abonnenten rett på krav på refusjon.

§ 2-2a Ulike gebyrsatsar for tilknytingsgebyret

Kommunestyret kan fastsette låg eller høg sats på tilknytingsgebyr for bustadar og fritidsbustadar (einebustadar, leilegheiter m v):

Låg sats:

- Bustadar og fritidsbustadar i kommunalt og/eller privat byggefelt, som har betalt i refusjon/ opparbeidingskostnader for vatn og avløp i tomteprisen. For desse bygningane skal det betalast halvt tilknytingsgebyr.

Høg sats:

- Bustadar og fritidsbustadar utanom kommunalt/privat byggefelt og som ikkje har betalt refusjon/opparbeidingskostnader for offentlig vass- og avløpsanlegg. For desse bygningane skal det betalast fullt tilknytingsgebyr.

Kommunen kan fastsette ulike gebyrsatsar for tilknytingsgebyret ved ulike bustadkategoriar, der det vil vere ulike kostnader ved levering av vass- og avløpstenstene til desse kategoriane.

Kommunen kan fastsette ulike gebyrsatsar for tilknytingsgebyret der eit vass- eller avløpsanlegg eller større eining av dette, fører med seg vesentlege høgare eller lågare kostnader enn dei andre.

§ 2-3. Ansvar og betalingsfrist

Abonnenten har ansvaret for betaling av eingongsgebyret for tilknytninga. Gebyret skal betalast når tilknytninga vert gjennomført.

Gebyrsatsane skal vere det som var gjeldande gebyrsats då komplett byggesøknad eller søknaden om tilknytning vart motteken av kommunen.

Ved pålegg om tilknytning til kommunalt vatn- og/eller avløp etter plan- og bygningslova, er gebyrsatsane det som var gjeldande når pålegget vart gitt.

For eksisterande bygg med tilknytning som ikkje er godkjend, vert det betalt tilknytingsgebyr etter gjeldande sats på det tidspunktet kravet vart framsett.

3. Årsgebyr

§ 3-1 Gebyrplikt og iverksetting

Årsgebyr skal betalast for alle eigedomar som:

- a) er tilknytt kommunalt vass- eller avløpsanlegg anten permanent eller mellombels.
- b) er pålagt tilknytning i samsvar med lov og fristen for tilknytninga er ute.

Gebyrplikta trer inn:

- når vassmålar er eller skal vere installert, jf. § 4-1 tredje ledd
- Ved tilknytning der kommunen har godkjent eller kravd at årsgebyret vert målt etter stipulert forbruk, jf. § 3-7.

Vassforbruk til sprinkleranlegg er ikkje gebyrpliktig.

§ 3-2 Eigedom utan godkjend tilknytning eller fråkopling

Er tilknytning ikkje godkjend av kommunen, skal abonnenten betale gebyr frå og med det tidspunkt tilknytninga er gjennomført. Har kommunen ikkje anna berekningsgrunnlag, vert gebyret stipulert. Slik berekning inneberer ikkje at kommunen har godkjend tilknytninga.

Er fråkopling ikkje godkjend av kommunen, skal abonnenten betale gebyr inntil fråkoplinga er godkjend, sjå § 5-3.

§ 3-3. Ansvar for gebyra

Abonnenten har ansvar for betaling av gebyr, uansett om gebyrkravet er retta mot abonnenten eller annen rekningsmottakar.

Abonnentar som samarbeider om felles vassmålar, er solidarisk ansvarlege for gebyra. Gjeld slikt samarbeid eit sameige etter lov om eigarseksjonar, er kvar abonnent ansvarleg for mengdevariabel del av gebyret i høve til sin eigarandel, dersom ikkje annen fordeling er fastsatt i sameiget sine vedtekter eller bindande vedtak i sameiget.

Årsgebyra vert fakturert kvart år fordelt på to terminar.

§ 3-4. Utforming av gebyra

Det vert berekna årsgebyr for henholdsvis vassforsyning og avløp med:

Todelt gebyrmodell vert lagt til grunn for kommunen:

- Ein fast del (abonnementsgebyr)
- Ein mengdevariabel del (forbruksgebyr)

For bustad vert fastleddet rekna som ein fast sats pr. bueining. Kommunen kan vedta ulik sats for henholdsvis bustadeigedom, fritidseigedom og annen eigedom. For annen eigedom vert fastleddet rekna som en fast sats pr. bygg.

Kommunen kan fastsette ulike gebyrsatsar for årsgebyr (forbruksgebyret) ved ulike bustadkategoriar, der kostnadane ved å tene dei forskjellige bustadkategoriane vil vere forskjellige.

Kommunen kan fastsette ulike gebyrsatsar for årsgebyr (forbruksgebyret) der eit vass- eller avløpsanlegg eller større eining av dette førar med seg høgare eller lågare kostnadar enn dei øvrige.

Mengdevariabel del vert rekna etter målt forbruk, som vassforbruk i m³, eller stipulert der det ikkje er montert vassmålar. Det vert ikkje gitt nedsatt gebyr pr. m³ for storforbrukere av vatn.

§ 3-5. Ansvar for opplysningar om abonnementet

Abonnenten skal melde endringar i abonnementsforholdet til kommunen.

Inntil kommunen har motteken melding og inntil kommunen har oppdatert abonnentdata frå Matrikkelen, skal abonnenten betale årsgebyr som tidlegare.

§ 3-6. Berekning av gebyr

Same forbruk i m³ vert lagt til grunn for berekning av både vassgebyr og avløpsgebyr.

For næringsverksemd der forbruket av vatn til produksjon medfører at mengda av avløpsvatn avviker vesentleg frå målt vassforbruk, kan kommunen basere avløpsgebyret på eiga måling av tilført avløpsvatn til kommunalt nett, eller på særskilt avtale.

For avløpsvatn som avviker frå vanleg hushaldningsavløp og verker fordyrande på drift og vedlikehald av kommunens avløpsanlegg, kan kommunen fastsette eit tillegg til avløpsgebyret til dekning av meirkostnadane.

For avløpsvatn frå produksjonsprosess e.l. som etter eige løyve frå kommunen er tillate ført i grunnen, i privat leidning direkte til vassdrag eller sjøen, eller i separat kommunal overvassleidning, vert det ikkje betalt avløpsgebyr. Slikt vatn vert måla separat.

§ 3-7. Betaling etter målt forbruk

For alle eigedomar skal det installerast vassmålar. Vassmålaren gir grunnlaget for den variable delen av årsgebyret for vatn og avløp. Kommunen kan tillate eller krevje betaling etter stipulert forbruk, der det vert ein uhøveleg stor kostnad å montere vassmålar.

I dei tilfella kommunen har kravd eller tillate betaling etter stipulert forbruk, vert det stipulerte forbruket rekna ut i frå storleiken på bygget. For bueiningar i bustadar og fritidsbustadar skal det nyttast berekna areal og for andre bygg skal det nyttast bruksareal, sjå § 1-3 bokstav k) og l). Ved stipulert bruk blir det betalt etter arealtrinn og pris per m³.

Har eigedomen utvendig eller innvendig basseng på over 3 m³, skal den betale gebyr etter målt forbruk. Dersom det vert ein uhøveleg stor kostnad ved montering av vassmålar, kan likevel kommunen stipulere vassforbruket.

4. Vassmålar

§ 4-1. Installasjon

Kommunen avgjer:

- Kor mange vassmålalar den enkelte abonnenten skal ha,
- Type, storleik og plassering,
- Når målar skal installerast

Ved oppdeling av eksisterande eigedom med vassmålar, eller ved etablering av nye eigedomar, skal kvar av dei nye eigedomane ha eigen vassmålar.

Abonnentar kan samarbeide om felles vassmålar der det vil vere uhøveleg kostbart å installere eigen målar for kvar eining. Årsgebyr vert fordelt på abonnentane etter reglane i § 3-3, 2. ledd. Eventuelt kan kommunen stipulere vassforbruket etter reglane i § 3-7 andre ledd.

Pålagt vassmålar for ny eigendom skal vere installert seinast når det vert gitt bruksløyve eller eigedomen vert tatt i bruk, og for eksisterande eigedom når den vert tilknytt. Vert dette unnlaten, skal abonnenten betale stipulert årsgebyr etter § 3-7 andre ledd.

Vassmålaren skal plasserast frostsikkert.

Installasjon av vassmålar skal gjennomførast av røyrleggar. Etter målaren er montert skal han plomberast av anten kommunen eller røyrleggar.

§ 4-2. Eigarforhold

Vassmålaren som gir grunnlag for berekning av gebyr, er kommunen sin eigedom dersom ikkje anna ordning er avtalt med abonnenten.

§ 4-3. Kostnader

Vassmålar som ovanfor kommunen skal nyttast som grunnlag for berekning av årsgebyr, vert påkosta av kommunen. Vassmålarar utover dette vert påkosta av abonnenten.

Kostnadane med installasjon, drift og utskifting av vassmålarar inngår i årsgebyret.

§ 4-4. Avlesing av vassmålar

Avlesing av vassmålar skjer ved fjernavlesing.

Der det ikkje er lagt til rette for fjernavlesing på vassmålar, skal abonnenten lese av vassmålar nær fastsett tidspunkt for avrekning som mogleg og sende resultatet til kommunen innan fastsett frist. Vassmålarar etter dette leddet skal lesast av minst 1 gong per år.

Unnlèt abonnenten å foreta avlesing, kan kommunen etter purring stipulere forbruksgebyret. Kommunen kan også sjølv foreta avlesing og kan krevje særskilt gebyr for dette.

§ 4-5. Tilsyn og vedlikehald

Abonnenten skal halde målar lett tilgjengeleg for avlesing og tilsyn.

Abonnenten skal føre tilsyn med målar. Vert ein målar skadd eller går tapt, skal abonnenten straks melde frå til kommunen. Som skade vert også rekna at plombering av målar er broten. Kommunen kan krevje erstatning for tap eller skade.

Kommunen kan føre tilsyn med målar. Kontrollør frå kommunen skal legitimere seg uoppfordra.

§ 4-6. Nøyaktigheitskontroll

Både kommunen og abonnenten kan krevje kontroll av målar. Kommunen avgjer om kontroll skal verta utført av kommunen eller ved ekstern kontrollinstans.

Kontrollen skal gjennomførast med målarutstyr og prosedyrar for måling som er akseptert av Justervesenet. Kontrollen skal gjelde heile det aktuelle målarområdet.

Krev abonnenten ytle gare nøyaktigheitskontroll av målar, skal abonnenten bere kostnadane ved slik kontroll dersom kontrollresultatet ligg innanfor feilmarginen etter § 4-7. I motsett fall dekker kommunen kostnadane.

§ 4-7. Avrekning ved feilmåling

Dersom målareren ved kontroll syner meir enn 5 % for høgt forbruk, har abonnenten krav på tilbakebetaling for feilmålinga. Er plomberinga av målareren broten, har abonnenten ikkje krav på tilbakebetaling. Sjå elles § 5-2.

Tilbakebetalinga vert rekna frå det tidspunktet feilen truleg må ha oppstått.

Krav som er forelda etter reglane om forelding av fordringar, vert ikkje dekt.

Syner målareren meir enn 5 % for lågt forbruk, har kommunen krav på tilleggsbetaling etter tilsvarande reglar.

§ 4-8. Utsifting og flytting

Er målarerøyaktigheita for dårleg, avgjer kommunen om målareren skal justertast eller skiftast ut. Målareren vert skifta ut når batterilevetida er gått ut.

Kommunen kan krevje flytting av målar som er plassert i strid med kommunen sine krav til plassering. Abonnenten påkostar slik flytting.

I andre tilfelle enn nemnt i andre ledd, må aldri målarer flyttast utan kommunen sitt samtykke.

5. Reduksjon, retting av gebyrberekning og fritak frå årsgebyr

§ 5-1. Gebyrreduksjon i medhald av forbrukarkjøpslova og kjøpslova sine reglar om prisavslag

Abbonnten har rett til reduksjon i gebyr (prisavslag ved feil eller mangel ved vassforsyninga) i medhald av forbrukarkjøpslova eller kjøpslova sine reglar om prisavslag.

Kva som skal utgjere ein mangel går nærare fram av standard abonnementsvilkår og Leveringsvilkår – Vassforsyning/Avløpstenester i Sykkylven kommune. Generell tilråding om koking av vatn som tryggleikstiltak etter trykkfall på grunn av reparasjon, spyling, brannslukking mv., gir ikkje rett på gebyrreduksjon.

Vilkår for gebyrreduksjon er at mangelen skuldast høve på kommunen si side, til dømes forureining i vasskjelde eller feil ved kommunalt anlegg. Kommunen pliktar å bidra til å avklare ansvarstilhøvet. Kostnadane ved avklaring blir fordelt med ein halvpart på kommunen og abonnenten.

Abbonnten må innan rimeleg tid frå då den oppdaga eller burde oppdaga mangelen ved vassleveransen gjere gjeldande at den vil påberope seg mangelen ovanfor kommunen. For ein forbrukar kan ikkje denne fristen vere kortare enn to månader.

Abbonntar som vert påført eit økonomisk tap som følgje av mangelfult vatn, vil etter reglane i kjøpslova, forbrukarkjøpslova og produktansvarslova kunne ha krav på erstatning.

§ 5-2. Rett på erstatning ved feil på avløp

Oppstår det feil på det kommunale avløpsanlegget ved til dømes tilstopping eller oppstuvning og dette valdar skade for abonnenten, vil kommunen vere ansvarleg og abonnenten kan ha krav på erstatning etter forureiningslova sine reglar.

Dette gjeld likevel ikkje så lenge feilen ved avløpsanlegget skuldast ekstraordinære hendingar som ikkje har vore mogleg for kommunen som anleggeiar å overskue, eller tilhøva blir dekkja av ansvarsfråskrivninga som følgjer av standard abonnementsvilkår pkt. 3.14.

§ 5-3. Retting av feil gebyrberekning

Har mangelfulle eller feil opplysningar ført til feilaktig gebyrberekning, skal berekninga rettast og differansen gjerast opp. Krav som er forelda etter reglane om forelding av fordringar, vert normalt ikkje dekkja.

§ 5-4. Gebyrfritak frå årsgebyr

Kommunen kan etter søknad gi heilt eller delvis fritak for årsgebyr dersom særlege grunnar tilseier det. Følgjande vert rekna som særlege grunnar:

- Heimelshavar flyttar på institusjon og bustaden vert ståande tom.
- Gebyrpliktig bueining eller bygg vil stå tom i meir enn 6 månader.
- Gebyrpliktig bueining eller bygg står til nedfalls.
- Force majeure tilfelle, til dømes brann eller uvær som gjer at bustad eller bygg ikkje kan nyttast etter sitt føremål.

Fråflytting, eller fråvær frå bueining eller bygg i mindre enn seks månader, gir ikkje rett på gebyrfritak.

Etter strekpunkt 1 og 2 er det i tillegg ei føresetnad at vassinntak til eining vert plombert. Plombering skal gjennomførast av røyrleggjar. Utgiftene til plombering vert dekt av den som får fritaket. Fritaket tek til å gjelde frå den dagen meldinga frå røyrleggjar er motteken av kommunen.

Etter strekpunkt 3 og 4 er det i tillegg ei føresetnad at stikkleidning er fråkopla (plugga) ved hovudleidning. I desse tilfella må også arbeidet utførast av røyrleggar. Den som får fritaket ber utgiftene. Fritaket tek til å gjelde dagen meldinga frå røyrleggar er motteken av kommunen.

Dersom eit av tilfella nemnt i første ledd ikkje lengre ligg føre, eller plomberinga er fjerna, vil fritaket opphøyre. Abonnenten svarar gebyr etter dei satsane som gjeld på tidspunktet når fritaket tek til å opphøyre.

6. Avsluttande føresegner

§ 6-1. Vedtaksmynde

Kommunestyret er vedtaksmynde etter denne forskrifta.

Vedtaksmynda kan delegerast.

§ 6-2. Klage og omgjering

Enkeltvedtak treft i medhald av denne forskrifta kan klagast på etter forvaltningslova sine reglar om klage. Kommunestyret er klageinstans. Kommunestyret kan delegere sin kompetanse som klageinstans. Prinsippakar vert i alle høve avgjort av kommunestyret.

Fremstår eit vass- eller avløpsgebyr etter gebyrregulativet som urimelege høgt, har abonnenten høve til å klage på gebyret.

Sjølv om gebyrvedtaket vert klaga på, må allereie påløpte gebyr betalast innan forfallsdato.

§ 6-3. Innkrevjing

Forfalne krav på årsgebyr for vass- og avløpstenester er sikra med pant i eigedommen etter pantelova § 6-1. Legalpantet vil fungere som særleg tvangsgrunnlag ved innkrevjing av kravet etter reglane i tvangsfullbyrdingslova. Elles er også årsgebyret tvangsgrunnlag for utlegg etter tvangsfullbyrdingslova.

Eingongsgebyret for tilknytning er tvangsgrunnlag for utlegg etter tvangsfullbyrdingslova.

Gebyra kan krevjast inn av kommunekasseraren etter reglane i skattebetalingslova.

§ 6-4. Iverksetjing

Denne forskrifta erstattar forskrift av 20 november 2006 nr. 1742 om vass- og avløpsgebyr, Sykkylven kommune, Møre og Romsdal og Gebyrregulativ for vatn og avløp i Sykkylven kommune pkt. 3, 4 og 5.

Forskrifta trer i kraft...